



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Meline Heimdal Haugland	<b>Arkivkode:</b> FE-233, FA-D10
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1480	<b>Løpenr:</b> 19/2500
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	04.04.2019	015/2019

## Prioritering av søknader 2019 - tilskot til lokale kulturarenaer

### 04.04.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KS- 015/2019 Vedtak:

Samnanger kommune prioriterar søknadar til ordningar Tilskot til lokale kulturarenaer slik:

1. Ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus v/Nordbygda ungdomslag
2. Ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus v/Nordbygda ungdomslag

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune prioriterar søknadar til ordningar Tilskot til lokale kulturarenaer slik:

1. Ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus v/Nordbygda ungdomslag
2. Ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus v/Nordbygda ungdomslag

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknadar

Retningsliner for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg

### Kva saka gjeld:

Tilskot til lokale kulturarenaer er ei tilskotsordning kor føremålet er å etablera eigna lokale, bygningar og uteareal som gjev rom for ulik kulturell verskemd. Tilskot kan vera tidlelt kulturhus, fleirbrukslokaler eller spesiallokaler for kunst og kultur som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokaler, konsertsal eller formidlingslokaler for billedkunst. Midlane kan gå til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygg, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Ordninga vert forvalta av Hordaland fylkeskommune, men søkjarar må søka gjennom kommunen. Ein

kan søka om inntil 1/3 i tilskot av godkjente prosjektkostnader. Tilskotet er ein del av spelemidlane frå Norsk Tipping og det er avgrensa kor mykje midlar Hordaland fylkeskommune får til utdeling.

I 2019 har det kome inn to søknader:

Nordbygda ungdomslag har søkt om tilskot til ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus og ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus.

#### Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger kommune har ansvar for å kontrollere og prioritere søknadane som har kome inn. Alle søknader som kjem til kommunen skal vidaresendast til fylkeskommunen, men kommunen skal avgjera om søknadane som vert sendt vidare får status « i orden» eller «ikkje i orden».

Prioriteringslista skal vera politisk vedtatt.

Kommunen skal kontrollere om:

- Søkjar har rett til å søkja
- Kulturarenaen har fått tilskot frå denne ordninga tidlegare
- Prosjektet ligg innafor mål til ordninga
- Framdriftsplan of budsjett er realistisk
- Søknadssum utgjer 1/3 av totalkostnad for prosjektet
- Prosjektet er byggesaksgodkjend
- Alle nødvendige vedlegg er lagt ved

Søknadane som er sendt inn er ikkje fullstendige pr. dags dato, men kulturkontoret er i dialog med Nordbygda ungdomslag om å få den informasjonen som trengs innan søknadsfristen til Hordaland fylkeskommune som er 30. april. Nordbygda ungdomslag har rett til å søkja og prosjektet ligg innafor mål for ordninga. Nordbygda ungdomslag har ikkje søkt om tilskot frå denne ordninga tildligere.

Dersom prioriteringslista ikkje vert politisk handsama vert ikkje søknadane godkjent av Hordaland fylkeskommune og søkjar kan ikkje få tilskot. Søknadane vert foreslått prioritert som følgjande:

<b>Prioritet</b> 1	<b>Søkar</b> <b>Anleggsnamn</b>	Nordbygda Ungdomslag Nordbygda grendahus
	<b>Anleggstype</b> <b>Plassering</b>	Fleirbrukslokale for kultur Årland
	<b>Søknad</b> <b>Søknadsbeløp</b>	Ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus Kr 679 000 pr. dags dato, men kan verta justert
	<b>Søknadstype</b>	Ny søknad
	<b>Arbeidsstatus kommune</b> <b>Kommunen si innstilling</b>	Til kontroll 1 prioritet

<b>Prioritet</b> 2	<b>Søkar</b> <b>Anleggsnamn</b>	Nordbygda Ungdomslag Nordborg ungdomshus
	<b>Anleggstype</b>	Flerbrukslokale for kultur
	<b>Plassering</b> <b>Søknad</b>	Årland Ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus
	<b>Søknadsbeløp</b> <b>Søknadstype</b>	Kr 178 000 pr. dags dato, men kan verta justert Ny søknad
	<b>Arbeidsstatus kommune</b> <b>Kommunen si innstilling</b>	Til kontroll 2 prioritet

